





## Avskyting og sett — hjort statistikk frå Jostedalen

Me har også i år laga nokre små hefte om avskytinga og sett hjort dataa frå dei ulike områda. Dette heftet er laga kun for dykkar område medan det er laga ei eiga og meir heildekkande informasjonsbrosjyre om utviklinga av hjortebestanden i Luster som nok er meir informativ. Denne brosjyra vil valdlearane få tilsendt i posten medan dei andre finn både denne og brosjyra "Hjort i Luster kommune" på heimesidene til Luster kommune under natur, vilt og fiske.

### Jaktresultat 2001–2007



Ein ser at avskytinga har teke seg jamt opp dei siste åra, og ligg nå oppunder 30 dyr. Det er avskytinga av vaksne dyr som har auka.



Denne figuren syner avskytingsfordelinga, fordelt på hanndyrandel og anddel kalv og ungdyr i dykkar område.

Den er laga for å illustrerer korleis de ligg an i høve enkle tommelfingerreglar for hjortevskyting.


Jamn kjønnsfordeling og 60 % kalvar og ungdyr i uttaket vert

rekna som "ideelt".

Som figuren syner er de ikkje akkurat i nokon god trend når det gjeld å auke kalv og ungdyravskytinga.

Jostedalen er einaste området som jamt over har fått ein dårlegare avskytingsfordeling etter at kommunen byrja å informere om viktigheita av å leggje hovudavskytinga på kalv og ungdyr. Ein må sjølv sagt ta med at de jamt over ser fleire hanndyr enn hodyr i Jostedalen, og dette verkar til ei viss grad inn på resultatet. Men sjølv om det vert observert 20 % meir hanndyr enn hodyr "i bestanden", tek de ut over dobbelt så mykje hann som ho, og då helst eldre hann. Dette er for dårleg, og gjer at de ikkje får henta ut potensialet i hjortestamma, eller at ein vil få mykje storvaksne kronhjort som Jostedalen har gode naturgevrne forutsetnader for.

## Kor mykje hjort ser de under jakta?




Den beste metoden ein har for å registrere korleis storleiken på bestanden varierer, er å sjå på kor mange dyr gjennomsnittsjegeren observerer per jakttime per år. Ein skjel mellom jakt i utmark og jakt på innmark sidan ein jamt over observerer mange gonger så mykje per jakttime på innmark som i utmark.

Slik statistikk treng svært mange observasjonar for å kunne brukast i praktisk forvaltning. Det blir dermed litt tynt å bruke sett per time til å undersøke bestandsutviklinga i ei sone isolert, men ein vil truleg likevel kunne sjå trendane så me gjer eit forsøk.

For Jostedalen er det vanskeleg å seie noko sikkert om bestandsutviklinga. Sidan det vart sett ny avskytingsrekord i 2007, og 2007 var året kor ein såg flest dyr per jakttime i utmark, så kan det vel sjå ut som at bestanden har auka også i Jostedalen.



### sett - hjort bestandssamansetjing Jostedal



Jostedalen har jamt over hatt ein overvekt av hanndyr i bestanden. Kolleandelen verkar være stabil medan andelen eldre bukk har stege jamt i dei fire åra me har registrert sett—hjort. Bestandssamansetjinga verkar å vere fin i Jostedalen. Ein har sjølv sagt ikkje oversyn over kva alder dei vaksne hanndyra har.

## Kor lenge er de på jakt?

Det vart jakta i 1121 timar i Jostedalen og på den tida observerte de 360 dyr.



	A	B	C	I	J	K	L	M	N	O	P	Q	R	S	T	U	V	W	X	Y	Z	AA	
1	<b>Hjort 2007</b>																						
2	Sone	Valdur	Valdeitar farsvarleg	Arealkrav	Tilsagn i alt	1,5 ár og eldre hann	Kalv	Frie	Tidelt for ár	Vaksne handdyr	1,5 ár hann	Hankalv	Vaksne hodgr	1,5 ár ho	Hokalv	Totalt	Fellings%	Sum Kalv	Sum Vaksne	Handdyr i utaket	Kalv og ungdyr i utaket	Felt dyr per 1000 da	
55	Fäbrg M. Storvald	501	Geir Vidar Tuften	1000	8	0	0	8	2005-	3	1	1	1	0	0	6	75%	1	5	83%	33%	0,216	kr
56	Jostedal	502	Lars Elvekrok	1000	2	0	1	1	2007	0	0	0	0	0	0	0	0%	0	0	###	###	0	kr
57	Jostedal	504	John Grov	1000	8	0	2	6	2007	1	1	0	0	1	0	3	38%	0	3	67%	67%	0,346	kr
58	Jostedal	505	Per Kvam	1000	4	0	2	2	2007	2	0	0	0	0	0	2	50%	0	2	100%	0%	0,484	kr
59	Jostedal	506	Tore Kreken	1000	6	0	2	4	2007	4	0	0	0	0	0	4	67%	0	4	100%	0%	0,667	kr
60	Jostedal	507	Norvald Bakken	1000	2	0	1	1	2007	0	0	0	1	0	0	1	50%	0	1	0%	0%	0,395	kr
61	Jostedal	508	Agnar Kveane	1000	4	0	2	2	2007	0	0	0	0	0	0	0	0%	0	0	###	###	0	kr
62	Jostedal	509	Anne Elgersma	1000	2	0	1	1	2007	1	0	0	0	0	1	2	100%	1	1	50%	50%	0,92	kr
63	Jostedal	511	Jon Geir Sperle	1000	5	0	1	4	2007	0	0	0	0	1	0	1	20%	0	1	0%	100%	0,191	kr
64	Jostedal	512	Ola O. Skjæret	1000	6	0	2	4	2007	3	0	0	1	0	1	5	83%	1	4	60%	20%	0,81	kr
65	Jostedal	513	Terje Kvam	1000	2	0	1	1	2007	0	1	0	0	0	0	1	50%	0	1	100%	100%	0,492	kr
66	Jostedal	514	Arne Aasen Hauge	1000	4	0	2	2	2007	0	0	0	0	0	0	0	0%	0	0	###	###	0	kr
67	Jostedal	515	Kristen Ormberg	1000	4	0	2	2	2007	1	0	1	0	0	0	2	50%	1	1	100%	50%	0,423	kr
68	Jostedal	516	Sverre Fossen	1000	2	0	1	1	2007	0	1	0	0	0	1	2	100%	1	1	50%	100%	0,722	kr
69	<b>Totalt Jostedal</b>				<b>59</b>	<b>0</b>	<b>20</b>	<b>39</b>		<b>15</b>	<b>4</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>29</b>	<b>49%</b>	<b>5</b>	<b>24</b>	<b>72%</b>	<b>38%</b>	<b>0,347</b>	<b>kr</b>
70	<b>Prosentfordeling</b>					<b>0%</b>	<b>39%</b>	<b>61%</b>		<b>52%</b>	<b>14%</b>	<b>7%</b>	<b>10%</b>	<b>7%</b>	<b>10%</b>								

Til venstre finn de avskytinga for kvart vald i sona